



Kva tenkjer **du** er viktig for Fitjar i perioden 2020 – 2040?

Medverknad på Spar 13.juni 2019:

- Behov for betre kollektivtilbod, spesielt til grendene. Ellers er ein godt nøgd med korleis kommuneadministrasjonen driftar kommunen.
- Prioriter ungdommen. Det er for lite tilbod til dei unge. Ikkje berre fokus på idrettstilbod, men også behov for andre tilbod. Kan ein samarbeide med eldregenerasjonen som frivillige ved tilbod til barn og unge?
- Infrastruktur på Tveit – Skumsnes og så vidare. Må få fokus her. Elles viktig med fokus på infrastruktur for breiband, høgspent og vatn.
- Ynskjer ingen møller i kommune – få vekk dei som er. Ikkje gode nok tiltak på støyreduisering for dei som er råka.
- God styring per idag, tiltru til kommunal styring. Ikkje slå saman med Stord åleina, men kan ein tenkje ein stor levedyktig kommune med Sunnhordlandskommunane?
- Kommunen bør nytte midlar i øyane. Ein må ikkje berre framsnakke det gode som skjer der og ikkje bidra økonomisk til utvikling og vekst. Auka fokus på fitjarbuen på det gode med øyane.
 - o Smedholmen elektrisk kabelferge i regionen. Gjer tilgong til 25km med ny strandlinje som vil vere lett tilgjengeleg. Lokal produksjon ved utbygging. Eit fantastisk område tilgjengeleg – unikt for regionen.
- Godt kulturtilbod er viktig. Møteplassar er det behov for, spesielt for ungdom. Ein treng tilbod til ungdommen på kveldstid. Kan kommunen samarbeide med IMF Fitjar om noko tilbod til ungdommen i Såpekokeriet?
- Ein må knytte kommunen meir saman. Betre infrastruktur mellom kommunesenter og grendene. Nytt vestsida av kommunen – sjøvegen. Sjå på meir tomteland med utsikt og sjønær = skapa attraktive tomter. Samarbeid mellom kommune og potensielle utbyggjarar. Auka kontakten mellom innbyggjarane på tvers av kommunen.
- Ha fokus på skule og eldresenter.
- Ikkje fleire møller, nokon av dei som er der no ligg for nære busetting – mykje støy.
- Auka innsats i helsevesenet – fokus på eldrepolitikk. Ein treng kvalifisert helsepersonell. Hadde hatt behov for eit kommunalt basseng.
- Ein har gode aktivitetstilbod, treng betre servicetilbod. Minimonopol, enklare tilkomst til øyane. Tilrettelegge meir for turisme, her er enkel adkomst til fjell og sjø, stor mobilitet.